



KYRKJEBLAD

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 1

Januar

32. årg.

Ropar du på hjelp eller på Hjelparen?

Av: John Ove Thaule.

«Hjelp meg, Gud, med —». Orda kjenner vi alle. Gallup-undersøkingar viser at nesten samtlege spurte, innrømer at dei ber til Gud i kriser og avgjerande stunder i livet.

Du høyrer kanskje til dei mange som i dag eller desse tider ropar om hjelp. Det kan vera familie-forhold, sjukdom, einsemd, bitre tankar, dei mange krav som vert stillte frå samfunnet og arbeidsplass. La meg få

lukkast med mitt, greie den eksamenen, få den jobben, klare det eller det! Hjelp meg —. Hjelp! Hjelp!

Så har du kanskje også gått i kyrkja og til Gud med dine bekymringar. Du kom kanskje då du var mest nedfor og trengte hjelp. Du slo deg ned i kyrkjebenken og venta på trøyst og oppmuntring. Og du vart skuffa. Preiketeksten gjekk i heilt annan retning enn kva du hadde trong for. Dette var

Ordinasjon

Sundag den 29. januar kl. 18.00 vert John Ove Thaule ordinert i Dale kyrkja av biskop Thor With. Prost Audgunn Østtveit, Voss, sokneprestane Lars Bjørsvik, Magne Steinnes, Vaksdal, Øyvind Øy, Lindås, res.kap. Asgeir Strau-

me, Kvam og representant frå Feltprestkorpset assisterar ved ordinasjonen. Kyrkjassongkrefter deltar og etterpå vert det kyrkjekaffe.

Intervju med ordinanden på side 5.

ikkje noko for meg, tenkte du. Gud bryr seg ikkje om mine problem. Og så gjekk du heim til middagen og søndagsmatinéen på TV.

Eller kanskje du er ein vedkjennande kristen og syns du har krav på litt ekstra god behandling av Gud. Du kjem med dine bekymringar og vanskar og presenterar dei som ei lang handlliste for Gud. Men ikkje noko skjer.

Feilen er den same i begge tilfella. Du kallar på hjelp, men ikkje på Hjelparen! Jesus Kristus! Du ber om hans gåver, trøyst, fred, glede, håp for framtida, lukke i heimen. Men kva med Han sjølv?

Søkjer du hjelp eller Hjelparen? Jesus sa: «Kom til meg, alle de som strevar og har tungt å bera, og eg vil gje dykk kvile». Her er det spørsmål om eit viktig vegkryss. Enten fortsatt skuffelse, fortsatt tomhet og forskjellig slag virkelighetsflukt. Eller viss du går til Han som sjølv er Hjelparen, vil du forbausande få oppleva at «dei som søkjer Herren, manglar ingenting».

Midt i din kvardag får du setja deg ned og kjenna at «Herren er god». Ikkje slik at alle dine problem med eitt er barte, men no er Jesus med i dei og ber dei for deg.

Kall ikkje på hjelpa, men kall på Hjelparen!

John Ove Thaulé.

**A. L. VATLE
DALE**

Kjøtt, pølser og påleggsvarer
Frukt og grønnsaker

Brødunderet.

Bibelen er fylt av undere, og er selv ett under. Enten må vi tro på dens Gud, som underets Gud, ellers så har vi ikke noen Gud å tro på.

Tenk deg en folkemasse på flere tusen, skulle mettes av en porsjon, passende til en liten familie. Bare å begynne utdelingen, var ett troens vågestykke. Ikke det spor rart at de tenkte, og sa: «Hvad er dette til så mange?» Når de allikevel var lydige på Jesu ord, opplevde de under på under, — maten vokste mellom hendene deres. De må ha undret seg storlig. Det største kom tilslutt, når alle var mett- et, var der mere mat igjen, enn før de satte seg til bords.

For meg personlig er dette poenget i beretningen. Det er typisk i evangeliets ånd. Jo mer vi deler det med andre jo større og rikere blir det for oss selv. Denne sannhet kommer tydelig frem i lignelsen om talentene. Han som lot sin ene talent ligge ubrukt, blev ribbet for alt.

A gi er å så.

Ein sæd som til hausten du atter skal sjå.

Som akstunge åker, med gledefylt kvad.

Så gi og ver glad.

Johanne B. Helle.

**Hausvik og Faugstad $\frac{1}{2}$
Vaksdal**

Telefon 3603.

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Bladstyrar: Magne O. Steinnes, 5270 Vaksdal.

Medarbeidarar: Lars Bjørsvik, Johanne B. Helle og Magne Hesjedal.

Kasserar: Ragnar Trohjell, 5297 Gammersvik.

Postgiro 5 72 34 73. Bankgiro 3500.50.13117.

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal.

Bladpengar kr. 10,— for året.

Eksped.: Skaars Boktrykkeri,
5601 Norheimsund — tfn. 8.

Sidan sist.

* Me tok opp målforma i kyrkja på Vaksdal i sist kyrkjeblad og reaksjonar har kome, men på grunnlag av plassen er det eit spursmål om me får det med i dette nummer. Me vil her berre nemna at sokneprest Einar Tveit har sendt oss ei helsing frå Gol kor dei har hatt oppe ei liknande sak. Han vil gjerne få sende ei helsing til alle kjende og me vonar at det gjenom kyrkjebladet når fram.

* Madagaskar-misjonærane våre Anlaug Sandal og Solaug Boge vil og gjerne sende dykk alle si helsing. Dei har nok å gjera skjønne me, for oppgåvene er framleis store. Trollmannen er endå ein viktig person der ute og mange oppsøker han. Styresmaktene kan og gjera det vanskeleg . . . «men midt i alt dette bryt ljuset inn i mørke menneskehjarta så ein får oppleva sanninga i ordet frå Es. 9.26: Det folket som ferdast i mørke skal sjå eit stort ljus og over dei som bur i daudeskuggelandet skal ljuset stråla — for eit barn er oss fødd», skriv Anlaug frå Madagaskar. Nokre dagar

etter kommer bodet frå Noreg om at faren døydde på sjølve jolekvelden. Det er då godt å veta at han som er livsens ljus og kan skina inn i dette myrke der ikkje noko anna ljus når fram.

* Det tykkje seg å vera stor interesse for dei nye biblane for svak-synte. Dei ein hadde til utdeling, vart snart borte, og ein kunne gjerne ønske å dele ut til alle som hadde bruk for, men diverre har ein ikkje høve til det i denne omgang. Her vil me berre få nemna at ein kan få kjøpt den i bokhandelen. Den kostar kr. 39,—. Prestekontoret kan gjerne hjelpe til med tinging.

* Natt til 30. desember var det innbrot i kyrkja på Vaksdal. Ei av rutene i konfirmantrommet var knust og to dører inne i kyrkja stygt brote opp. Til alle lukke kan ein ikkje sjå at meir enn 2 kroner som lå i prestesakrestiet, er tatt, men ei trist hending var det likevel. Det var fleire innbrot same natta på Vaksdal.

Dale Fabrikksalg

5280 Dalekvam
Telefon Dalekvam 2261
Tekstilvarer — Sengetøy
Bomull og ull meterverer
Strikke- jakker og gensere

Voss Samvirkelag

Avd. 14 — 5294 EIDSLANDET
Avd. 15 — 5296 EKSINGEDALEN

Nye sokneråd

DALE:

Lars Ragnvaldsen
Lasse Vassenden
Sigfrid Helle
Sønnøva Hesjedal
Normann Buvik
Ingrid Verpelstad
Varamenn:
Per Arne Boge
Johanne Stanghelle
Helga Brørvik
Obert Sellevod
Helga Bergstad

BERGSDALEN:

Per Småbrekke
Gerd Norun Haga
Kristina Fosse
Per Hatlestad
Varamenn:
Gerd Brekke
Martha Skjerven
Nils J. Lie
Roald Brekke

VAKSDAL:

Albert Tolås
Jakob Kallekleiv
Arvid Tolås
Kari Ellifsen
Birger Tolås
Inger Farestveit

Konfirmasjon

Dale: 7. mai
Vaksdal: 7. »
Stamnes: 21. »
Eldslund: 21. »
Flatekval: 28. »

Det vert konfirmant-leir på Fagertun i Eksingedalen den 17. — 19. febr.

Varamenn:

Magnhild Bjørsvik
Oddmund Faugstad
Egil Haug
Astrid Trettenes
Björg Ulevik

FLATEKVAL:

Gunvor Tyssen
Kari Brekhus
Brita Finne Lavik
Inger Lavik

Varamenn:

Kari Nese
Brita Trefall
Harald Lavik
Agnes Haugen
Åge Lavik

STAMNES:

Karsten Kulshammer
Harald Neset
Johannes Kaland
Hans Brørvik
Olga Farestveit

Framhald side 6

Familie week-end

Den 21. — 23. april vil ein freista å arrangera ein familie week-end på Kvamseter. Det har synt seg å vera av stor verd å kunna samla heile familien til slike samkomer og me vonar at mange vil sjå det på same vis her hos oss. Staden er den tidlegare Sandvensæter som nå Misjonsselskapet har teke over. Det skulle vera ein mykje høveleg stad, og fint å gå på ski for liten og stor. Prisane vert frå fredag til sundag kr. 130,— for vaksne, halv pris for born melom 3-12 år og under 3 år gratis. For nærare opplysningar kontakt Oddny og Trygve Kallestad, Stamnes eller Turid og Magne Steinnes, Vaksdal.

«Presten i håpet»

«Presten i håpet» kalla pastor Lien John Ove Thaulé då han var smågut. Sundag den 29. januar vert håpet til røyndom. John Ove skal då ordinerast til prest i Dale kyrkje av biskop Thor With. Det vert ein stordag — ikkje minst for kyrkjelyden. Aldri tidlegare har det vore ordinasjon på Dale og sjeldan vert ordinasjon lagt utanom domkyrkja. Nå vonar me at folket på Dale og i Vaksdal elles set pris på dette og møter opp i kyrkja og på kyrkekaffien etterpå. Me vil gjerne stille John Ove nokre spørsmål.

Kva var det som fekk deg til å begynna på teologistudiet?

For å svara på det måtte eg ha fortald store delar av livssoga mi. Frå eg som 3-4-åring sat heime på kjøkkenet på gryteskapet som eg kalla for «Preikestolen», og pastor Lien, som ofte var heime hos oss, kalla meg for «Presten-i-håpet». Om då eg som 16-åring måtte ta eit standpunkt for Jesus, og vart medviten om at eg ville bruka mitt liv og yrke til teneste for Han. Om seinare gymnas-tid og brytingar mellom lærar-utdanning og teologi. Først langt ut i teologistudiet vart det klart at det var prest Gud ville ha meg til. Men i dag når eg ser meg attende, er det klart for meg at det ikkje er *eg* som har bestemt *meg* for å studera teologi og verta prest, men at det har vore Gud som til trass for min motstand, har leida meg på den vegen han har villa.

Betyr det noko spesielt for deg at du vert ordinert i Dale kyrkje?

Ja, på mange måtar. Først og fremst at det er heimekyrkjelyden som såleis fungerer som utsendar-

kyrkjelyd. Dinest har vi ei uvanleg vakker og høgreist kyrkje på Dale, og kyrkja har eg vorte meir og meir glad i. På 7-årsdagen min i 1956 vart kyrkja innvigd. Og på dagen for kyrkja sitt 20-årsjubileum i fjor tok eg min teologiske embedseksamen.

Eg må også fortelja at den store og vakre akvarellen av altertavla i kyrkja vår som kommunen i si tid gav til pastor Lien då han flytte frå Dale, har eg fått som testamentarisk gave etter Lien. Så på mange måtar kjenner eg det som «mi» kyrkje.

Kva teneste skal du no ut i, og korleis ser du på det å gå ut i presteneste?

Det fyrste året skal eg vera i feltprestkorpsset, og er stasjonert ved Feltprostens kontor på Akershus festning. Seinare er det ikkje godt å vita kvar vi hamnar.

Til prestenesta er det knytta både frykt og forventning. Frykt på det menneskelege plan for presterolla, forventning til ein og kjensla av å sjølv ikkje strekkja til. Men på den andre sida forventningar til at Gud som kallar og utsender også vil vera med å utrusta til teneste. Det store er jo at det ikkje er seg sjølv ein skal forkynna, men vera herold, bodberar, for Gud og forkynna Hans ord. Og han som seier «Gå difor ut —», han seier samtidig også «Og sjå, eg er med dykk alle dagar —». Det er på slike ord eg har frimod til å gå.

Har du ei spesiell helsing til kyrkjelyden på Dale?

Eg har alt sagt at eg ser det som viktig at det er heimekyrkjelyden som slik står bak og sender ut ein heiltids-

arbeidar i vår kyrkje og Guds vingard. Som de vil sjå den 29. januar, er ei ordinasjonsgudsteneste ei vanleg guds teneste-samling, men med ordinasjonen som eit innskot der forbøn er den vesentlegaste handlinga. På den måten vert det markert den medvirkning og det ansvar som også kvilar på kvar kristen i hans forbønstenesta.

Til kyrkjelyden på Dale må såleis mi bøn vera at de hugsar på meg og våre prestar i bøn, både i høve ordinasjonen og for framtida. Og la oss alle be om at dagen må verta til inspirasjon og velsigning for oss alle.

Nye sokneråd

Framhald frå side 4

Nils Møster
Varamenn:
Marit Gullbrå
Oddveig Straume
Arvid Grøssvik
Sigrun Straume
Nils Kallestad

NESHEIM:

Johan J. Gullbrå
Harald Lundestad
Gyda Trefall
Knut Fjellanger
Varamenn:
Asbjørn Nese
Anny Ekse
Lilly Nese
Gunnar Jarle Nesheim
Ingunn L. Gullbrå.

Me vil her gjera merksam på at det den 10. — 11. februar vert sokneråds-kurs på Voss for Hardanger og Voss prosti.

«Menighetsrådet i arbeid» ei ei handbok for sokneråd som alle soknerådslemer lyt sjå nærare i.

Frå kyrkjebøkene

DØYPTE:

DALE:

Jane Straume, fødd 26/9 1977, døypt 4. desember 1977.

STAMNES:

Christian Kulshamar, fødd 24/9 1977, døypt 4. desember 1977.

VIGDE:

DALE:

Rune Raugstad og Astrid Skulstad, vigde 3. desember 1977.

Per Teodor Fardal og Aslaug Auro, vigde 17. desember 1977 på Voss.

Tore Kyrkjeteig og Ruth Gudrun Lid, vigde 28. desember 1977.

AVLIDNE:

DALE:

Martin Hop, fødd 16/9 1890, døydde 28/11 1977, gravlagd 6. des. 1977.

Viking Øpsen, fødd 22/11 1902, døydde 5/12 1977, gravlagd 10. des 1977

Astrid Olava Boge, fødd 16/12 1904, døydde 19/11 1977, gravlagd 26. nov. 1977 på Stanghelle.

Jenny Hårvik, fødd 27/12 1912, døydde 16/12 1977, gravlagd 22. des.

VAKSDAL:

Astrid Jacobsen, fødd 3/9 1901, døydde 26/11 1977, gravlagd 1. des.

Johan Høysæter, fødd 18/6 1920, døydde 21/12 1977, gravlagd 28. des.

Malvin Nygård, fødd 21/2 1914, døydde 26/12 1977, gravlagd 3. jan. -78

Guri Kaastad, fødd 9/6 1891, døydde 29/12 1977, gravlagd 4. jan. 1978.

STAMNES:

Dorthea Drangevåg, fødd 9/10 1887, døydde 7/12 1977, gravlagd 13. des.

Margreta Kaastad, fødd 15/2 1905, døydde 20/12 1977, gravlagd 27. des.

Sigurd Sandal, fødd 26/1 1902, døydde 24/12 1977, gravlagd 30. des. 1977.

Heilnorsk fromhet

Hadde Jesus sett de ti første benkeradene tomme og de tre bakerste tett besatt på kveldens møte på bedehuset, er det ikke umulig at han hadde holdt en liten preken om denne merkelige form for heilnorsk «fromhet».

Hvorfor sitter dere der nede og gjør det enda vanskeligere for denne arme predikanten?

Tror dere disse ti tomme benkeradene inspirer ham? Og skulle det forville seg inn et uomvendt menneske, hvoror skulle så akkurat han, den ukjente stakkaren, måtte ta den aller fremste plassen og føle seg «på utstilling» første gang han kommer innom et slik sted?

*(Sokneprest Georg Johnsen i Norsk Misjonstidende).
(31/12-77. Vårt Land.)*

Nynorsk i kyrkja

Eg vart sterkt oppteken med eit stykke som vart skrive i kyrkjebladet for des. mnd. «Å tala same språk». Eg er so einig med han som skreiv dette. Eit mål lærer born i skulen og eit anna mål i kyrkja. Me som før hørde til Bruvik, tykte det var ein svær overgang å koma til Vaksdal. I Bruvik var det nynorsk i kyrkja og på Vaksdal bokmål. Det verka svært usmakeleg for min del.

Ikkje kan du deltaka i verken truvekjenninga eller fadervår. For det andre er Vaksdal einaste kyrkja i heradet som har bokmål. Burde me ikkje vera kome so langt på ei landsbygd at me brukar ynorsk også i kyrkja og ikkje lenger slæpa etter Danskemålet. Dette er mitt syn på saka.

S. F. S.

«Tjen Herren med glede». Salme 100.2.

Velkomen til Kyrkja

Kristi forklåringdag, 29. jan. (2. Mos. 3,1-6): Stamnes kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Offer.

Bergsdalen kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Steinnes. Nattverd.

Dale kyrkje kl. 18.00. Ordinasjon av Jon Ove Thaulé. Biskop Thor With, prest Østtveit, sokneprest Steinnes og sokneprest Bjørsvik m.fl.

Fastelavenssøndag, 5. febr. (Joh. 12,25-33): Vaksdal kyrkje kl. 11.00. Familiegudsteneste ved sokneprest Steinnes. Barnekoret deltar.

Flatekval kyrkje kl. 11.00. Familiegudsteneste ved sokneprest Bjørsvik. Offer.

1. søndag i Faste, 12. febr. (Matt. 16,21-23): Dale kyrkje kl. 11.00. Familiegudsteneste ved sokneprest Bjørsvik. Speidarane deltar.

Eidsland kyrkje kl. 11.00. Familiegudsteneste ved sokneprest Steinnes. Offer.

Stamnes kyrkje kl. 18.00. Sokneprest Steinnes. Nattverd.

2. søndag i Faste, 19. februar. (Luk. 7,36-50): Bergsdalen kyrkje kl. 11.00. Familiegudsteneste ved sokneprest Bjørsvik. Offer.

Nesheim kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Steinnes.

3. søndag i Faste, 23. februar. (Luk. 4,31-37): Dale kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Nattverd.

4. søndag i Faste, 5. mars. (Joh., 6,24-36): Stamnes kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Steinnes. Flatekval kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Eidsland kyrkje kl. 17.00. Sokneprest Steinnes. Nattverd.

Maria budskapsdag, 12. mars. (Joh., 12,12-24): Dale kyrkje kl. 11.00. Familiegudsteneste ved sokneprest Steinnes. Offer. Innlevering av fastebøsser.

Vaksdal kyrkje kl. 11.00. Familiegudsteneste ved sokneprest Bjørsvik. Offer. Innlevering av fastebøsser.

Sjå kunngjering i lokalblada.

**Ekspedisjonstider ved
våre kontor:**

DALE, telefon 2421	Frå	Til
Måndag, tysdag,		
onsdag og fredag	8.30	15.00
Torsdag	10.00	17.30

VAKSDAL, telefon 3605		
Tysdag og fredag	8.30	15.00
Torsdag	10.00	17.00

STAMNES, telefon 8015		
Måndag	9.30	14.00

Bruvik Sparebank

Vaksdal, Dalekvam, Stamneshella

**Stamnes Handelslag
STAMNESHELLA**

**Dale Handelsforening
Dalekvam**

**TOMAS UTSKOTTIS
SKOFORRETNING**

Dalekvam

RADIOSPECIALEN ^{A/S}

Tlf. 2240 DALKEVAM

RADIO - TV

Reparasjonsverkstad

BØKER — PAPIR — BIBLAR

SALMEBØKER- SANGBØKER

EIDE & PETERSEN ^{A/S}

Tfn. 2258 DALEKVAM

K. SEIM

Kolonial & Delikatesse

Tlf. 2323 DALEKVAM

BRUVIK HANDELSLAG

Ass. Landhandel og Bakeri

FILIAL SKAFTÅ

Arth. og Arne Vaksdal

HANDEL

Tlf. Dalekvam 2348 — 2161
Stanghelle — Vaksdal — Dale

Vaksdal koop. Handelslag

VAKSDAL

Telefon ; Kontor 3712. Snarkjøp 3710.

Kjøp i Dykkar eigen forretning